



Norges  
Skiforbund  
Langrenn



# NY JUNIORSATSING

**Webinar, 07. april 2025**

Yngve Thorsen  
NSF LK



# Innleiing

- **Langrennskomiteen** vedtok i vinter å legge ned juniorlandslaget i si noverande form.

*"Juniorlandslaget avvikles i sin nåværende form, og det settes ned en arbeidsgruppe som skal se på hvordan juniorarbeidet jobbes videre med."*

- Frå NSF LK side var dette eit **strategisk grep** – ikkje berre eit økonomisk tiltak slik det gjerne har blitt framstilt i media.



# Historikk – ikkje ei ny problemstilling

- Diskusjonen om å endre modellen for junioralder har vore oppe tidlegare:
  - I **2012, 2019 og 2024** har både det politiske og sportslege nivået diskutert om ressursbruken i juniorsegmentet er riktig.
- **Fleire skikretsar** har over tid peika på at:
  - **Juniorlandslaget rekrutterer svært få** – berre ei «håndfull» utøvarar får plass kvart år.
  - Det skaper eit **A- og B-lag** tidleg
- Behovet for ei breiare og betre forankra utvikling har vore tydeleg.



# Kvifor vert juniorlandslaget avvikla no?

- **Den akutte årsaka:**

- NSF mistar sponsorinntekter frå og med våren 2025
- Auka kostnader gjer det vanskeleg å oppretthalde alle eksisterande strukturar

- **Men vedtaket er også eit resultat av:**

- Strategiarbeid mot 2030
- Anbefaling frå sportsleg arbeidsgruppe (sett ned i fjar høst)
- Tydeleg signal frå skikretsane; dagens modell er for smal og ekskluderande



# Kvifor vert juniorlandslaget avvikla no?

- **Sandbakk-utvalget:**

- **Evaluering** av utviklingsmodellen i norsk langrenn - avgja sin rapport til Haustmøtet oktober 2022.
- Lagstruktur låg utanfor mandatet til utvalget, men i sin rapport kom dei med ei **klar anbefaling** om å greie ut juniorlandslaget si rolle vidare i samspel med skigymnas og kretsar.
- Sandbakk-utvalget anbefalte ein modell med færre nasjonale samlingar, **fleire utøvarar med lokal-/ regional forankring**.
- Utvalget anbefalte også å sikre tett heilskapleg oppfølging av utøvarar (både junior og senior) gjennom **vidareutvikling av dei regionale treningsfellesskapa** og bedre samhandling med **skigymnasa**.



# Kva skjer vidare?

- Juniorlandslaget vert **ikkje vidareført** frå våren 2025
- Arbeidsgruppe er sett ned – skal sjå på:
  - Korleis vi best kan støtte juniorutviklinga nasjonalt/ regionalt
  - Samspel mellom NSF, krets, klubb, skigymnas og region.
  - **«Fleire utøvarar skal få meir, heller enn at få alt»**



# Oppsummering

- Juniorlandslaget vert avvikla – men juniorutviklinga skal ikkje svekkast.
- Vi legg om for å sikre betre forankring, breiare utvikling og meir fleksibilitet.
- Dette er ei nødvendig endring – men også ei moglegheit til å tenkje nytt og betre.